



Helge Henanger
Øvre Sagstad 110
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/588 - 19/4724

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:
02.04.2019

Førehandsvarsel - GBNR 24/5 - Krav om søknad med ansvarleg føretak - Langeland

Viser til møte med deg den 6. mars 2019 der vi diskuterte arbeidet med planering og jordpåfylling som du held på med på gbnr. 24/5.

De fikk i administrativt vedtak, saksnr. 101/2015, delvis godkjenning av søknad om jordpåfylling og planering av et jordbruksareal på ca. 13 daa på Langeland, felt 2 og 3 på vedlagt kart. Utsnitt av vedtak:

Vedtak

"Meland kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på felt 2 og 3 på gnr. 24 bnr. 5 på Langeland i Meland kommune. Løyvet gjeld berre for felt 2 og 3 slik dei er avmerka på kart, det omsøkte arealet er på ca. 13 daa. Tiltaket skal gjennomførast innan 01.10.2015, det kan gjevast utsatt frist etter nærare søknad.

Løyvet er gjeve på slike vilkår:

- Helge Henanger står sjølv ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket set.
- Det må berre køyrast på reine stein- og jordmassar. Kvant lass skal så langt så råd vere dokumentert.
- Køyring til anlegget skal berre skje innanfor normal arbeidstid, og det må takast omsyn til annan trafikk ved å unngå køyring i tida ved skulestart og skuleslutt.
- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekninske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsatt av Landbruksdepartementet.
- Tiltaket skal sikrast mot avrenning, og i nedbørrike periodar må det ikkje tippast massar eller flyttast massar inne på området.
- Området skal såast til så snart det er teknisk mogeleg.
- Ved funn av kulturminne skal arbeidet stansast og kulturminnemyndighet varslast.
- Meland kommune kan påleggje stans eller andre nødvendige tiltak for å hindre avrenning.
- Meland kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.

Vedtaket har heimel i Forskrift om begrensning av forurensning kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt.

For felt 4 og 5 må det søkjast etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav (k) før tiltaket kan gjennomførast. Meland kommune vil handsame søknaden når denne kjem inn. "

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Som utgangspunkt er kommunen pliktig til å følge opp ulovligheter og brot på føresegnene gjeven i plan- og bygningslova (pbl) kap 32. Kommunen har, som nemnt på møtet, registrert at du har planert og fylt på med jordmassar ut over gjeven løyve. Arbeidet som er gjort utanfor felt 2 og 3 er såleis ulovleg.

Ettersom Statens vegvesen jobbar med regulering av ny fylkesveg, finn ikkje kommunen det hensiktsmessig å gje pålegg om tilbakeføring på noverande tidspunkt. Men, kommunen krev at det ikkje tilførast nye massar ut over det som vart godkjent i vedtak datert 10.04.2015, sjå ovanfor.

Når Statens vegvesen er ferdig med planen for den nye fylkesvegen, må du sende inn ny søknad om tiltak på det arbeidet som er gjort utan løyve, jf. pbl kapittel 20. Søknaden må vere komplett, den skal nabovarslast, og på grunn av storleiken på tiltaket er det krav om at eit ansvarleg føretak med ansvarsrettar etter pbl kap 23 skal stå føre søknad, prosjektering og utføring av tiltaket.

I samband med innsending av søknad ber vi samstundes om særskilt informasjon om følgjande:

- Plan for overvannshandtering
- Veg (permanent landbruksveg)
- Ein detaljert framdriftsplan
- Tidsperspektiv på omsøkt tiltak

Som avtalt på møtet ber vi deg og om å ta kontakt med Statens vegvesen for å få avklaring på avstandskravet til veg.

Dersom du ikkje følgjer opp med søknad som nemnt, må kommunen starte ulovlegheitsoppfølging og eventuelt vurdere å fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt, jf. pbl § 32-2.

Andre opplysningar:

Vi gjer oppmerksom på at De er ansvarleg for at reglane i plan- og bygningslova blir overhalde.

Dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert fylgt, kan kommunen utferde førelegg etter pbl § 32-6. Eit førelegg vil få same verknad som rettskraftig dom, jf. pbl § 23-7.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skann_20150325

Mottakarar:

Helge Henanger

Øvre Sagstad 110 5919

FREKHAUG